



INFORMASJON



1. kandidat Øystein Blom

2. kandidat Jens Erling Ekroll Lillebø

Vanylven KrF • Valet 2019-2023

**Ein god
barndom
varer
heile livet**

Saman for eit varmare samfunn

VALLISTE VANYLVEN KRF



3. kandidat Ingrid Knardal

*Saman for eit
varmare samfunn*

1. Øystein Blom, Rovde, f. 1964
2. Jens Erling Ekroll Lillebø, Åram, f. 1973
3. Ingrid Knardal, Rovde, f. 1959
4. Joar Asle Lillerovde, Syvde, f. 1969
5. Marietta Pal, Åram, f. 1984
6. Sigrid Bringe Thue, Åheim, f. 1966
7. Robert Warberg, Åheim, f. 1951
8. Hallstein Ljoså, Rovde, f. 1943
9. Edvin Skår, Syvde, f. 1946
10. Sigrun Iren Refvik, Syvde, f. 1971
11. Anna Regine Vada Blom, Rovde, f. 2001
12. Lars Jonasmo, Fiskå, f. 1983
13. Hallvard Hånes, Rovde, f. 1956
14. Jan Helgøy, Fiskå, f. 1945



4. kandidat Joar Lillerovde

KRISTNE VERDIAR, OMSORG, LIKEVERD, GODE LEVEVILKÅR

Kristeleg Folkeparti legg det kristne menneskesynet og den bibelske forvaltartanken til grunn for sitt politiske arbeid. Kristne verdiar, omsorg, likeverd og gode levevilkår skal vere eit overordna og prioritert arbeid.

Vanylven KrF vil:

- Styrke den kristne kulturarven i heim, barnehage, skule og samfunn.
- Best mogeleg livskvalitet for alle innbyggjarane i kommunen.
- Arbeide for ei rettferdig fordeling til det beste for alle i kommunen vår.

Demokrati - folkestyre i praksis

Dei folkevalde skal styre verksemda, samtidig som administrasjonen vert gitt tillit og mynde til å yte god og effektiv service.

KrF vil gå inn for:

- At kommunen sine innbyggjarar skal bli møtt med openheit og god informasjon.
- At ein skal lytte til og stadig utvikle samarbeidet med folket.
- At det skal ytast god service til innbyggjarane i form av rask og effektiv sakshandsaming.
- At kommunen vår framleis legg positivt innhald i – "Ein grunn til å smile".

Oppvekstmiljøet til barn og unge

Eit trygt og godt oppvekstmiljø er viktig for personleg utvikling og for lokalmiljøet.

KrF går inn for:

- Støtte til initiativ/organisasjonar som er engasjert i eit positivt barne- og ungdomsarbeid.
- Å styrke samarbeidet med organisasjonar og lag for å skape gode og rusfrie miljø.
- Å legge til rette for at alle barn og unge skal få ta del i positive aktivitets- og fritidstilbod.

- Å sikre gode vilkår for leik og fritidsaktivitetar for barn i nærmiljøet ("grøne lungar").

Heim og familie

Gode heimar er grunnlaget for eit godt samfunn. KrF vil styrke heimane si stilling og fremme tiltak som styrkjer foreldrerolla. KrF vil arbeide for at alle barn blir tekne vare på, får omsorg og gode oppvekstvilkår.

Barnevern

KrF vil prioritere hjelp til vanskelegstilte barn og unge. Barnets beste må vere utgangspunktet når hjelpetiltak blir sette inn.

KrF går inn for:

- At det vert løyvt midlar til førebyggjande arbeid.
- At det vert sett i gang strakstiltak for å bøte på skadar hos barn som har vore utsett for omsorgssvikt.

Skule og barnehage

Skulen og barnehagen skal hjelpe foreldra i oppseding og undervisning av barna. Det må leggast vekt på å utvikle samarbeidet mellom heim, skule og barnehage.

KrF vil arbeide for:

- Å leggje til rette for integrering av barn med ulike utfordringar eller funksjonshemmingar.
- At barnehagetilboda må tilpassast barna og foreldra sine behov.
- At skulen og SFO får gode arbeidsvilkår.
- Å skape ein inkluderande skule som arbeider aktivt for å hindre mobbing.
- Å vidareutvikle gode uteområde, undervisningslokale, skulemiljø og trygge skulevegar.
- At musikk- og kulturskuletilbodet blir utvikla slik at det dekkjer ulike kunstarter til beste for flest mogeleg av elevane.
- Ein desentralisert skule som byggjer på elevane sitt beste.
- At Fiskå skule blir oppgradert med nybygg og gymsal

Kyrkja og dei kristne organisasjonane

Vår åndelege arv og nasjonale kulturtradisjon må takast vare på og gjevast gode vilkår for å kunne styrkje kulturlivet i bygdene våre.

KrF vil:

- At kyrkjene og gravstadane vert haldne i god stand.
- At det kristne arbeidet får rimelege økonomiske rammer og utviklingsmoglegheiter.

Kultur og verdival

Kulturpolitikken må vere open for nye impulsar som kan gjere livet rikare for ulike grupper av unge og eldre. KrF vil arbeide for eit godt kulturtilbod for alle i kommunen, slik at flest moglege får høve til å engasjere seg.

KrF vil:

- Satse på eit aktivt samspel mellom det frivillige og det offentlege kulturarbeidet.
- Støtte det positive arbeidet som blir drive av frivillige organisasjonar og foreiningar.

Rusfri livsstil

KrF vil arbeide for ein rusfri livsstil blant alle grupper i samfunnet. Erfaringane viser at auka bruk av alkohol og narkotika fører til meir vald og auka kriminalitet. Barn og unge må få gode oppvekstvilkår i rusfrie miljø.

KrF vil:

- Behalde utekontakten. Jobbsjansen for ungdom og tilbodet på Tynnaknuten.
- Samarbeide med lag og organisasjonar for ein rusfri livsstil og fremme positive miljø.
- Støtte "MOT"- arbeidet på skular og i nærmiljø, og legge innhald i det å vere ein
- MOT kommune.
- Støtte tiltak som bevisstgjer foreldra/ dei vaksne sitt ansvar.
- Ha ei streng handheving av regelverket for omsetning av alkohol.
- Støtte tiltak som gir hjelp til behandlings-motiverte personar.

Nedsett funksjonsevne

Det må leggest til rette for at den einskilde kan få bruke sine evner og anlegg ut frå funksjonsevna han/ho har.

KrF vil arbeide for:

- At den enkelte må sikrast tryggleik og sosialt fellesskap gjennom skule, arbeid og kulturtilbod.
- Å sikre ei god avlastningsordning for pårørande.
- Sikre at kommunen vidarefører eit godt tilbod for menneske med behov for hjelpemiddel.
- Jobbe for å sikre tilboda kommunen har for tilrettelagt arbeid til den einskilde som har behov for dette.
- Å arbeide for universell utforming av bygningar i kommunen vår og at aktuelle lag og organisasjonar blir med i planlegginga.

Helseteneste og sosialtilbod

KrF vil medverke til å førebygge sosiale og helsemessige problem. Omsorgstrengande må få eit tilfredsstillande tilbod uavhengig av bustad, alder og sosial status.

Ein trygg og aktiv alderdom

KrF ønskjer at respekt, omsorg og ansvar må vere grunnleggjande verdiar i vår eldreomsorg. Det må leggest til rette for at dei eldre kan delta aktivt i samfunnslivet.

Dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som råd. Ei målsetting for eldrepolitikken må vere å legge forholda til rette for at dette kan vere eit trygt alternativ til institusjonsplass.

KrF går inn for:

- Å stimulere til aktivitets- og velferdstiltak.
- Å gjere tenestetilboda lett tilgjengelege for brukarane.
- Å gi høg prioritet til eldre med behov for pleie og omsorg.

- Nattevakt-teneste i sone nord stasjonert på Syvdetun.
- Å sikre at menneske med aldersdemens får eit godt omsorgstilbod.
- At hjelpa blir gitt på rett nivå.
- Opne for vidareutvikling av tenestetilbod for brukarar i institusjonar.

Samferdsel

Samferdsel er viktig for Vanylven for å tiltrekke seg nye og halde på eksisterande innbyggjarar og næringsliv.

KrF vil utvide bu- og arbeidsområdet ved å:

- Arbeide for realisering av Rovdefjord-sambandet.
- Oppretthalde trykket på Stad skipstunnel, slik at prosjektet blir realisert så fort som mogeleg.
- Jobbe for kollektivtrafikk over fylkesgrensa.
- Breiddeutviding rundt Syltefjorden.

NÆRINGSLIV - Arbeidsliv, industri, service og reiseliv

Ei positiv utvikling i næringslivet er naudsynt for at ein skal nå målet om arbeid til alle.

KrF sine mål er:

- Sikre at Vanylven framstår som attraktiv for næringslivet m.a. gjennom Vanylven utvikling

KrF meiner at kommunen kan bidra til dette ved:

- Å prioritere saksbehandling som har betydning for arbeidsplassar.
- Å arbeide for utvikling av god infrastruktur (veggar, hamner, data og energi).
- Tilrettelegge tomteområde som dekkjer næringslivet sitt arealbehov i kommunen.
- Å vere aktiv i utvikling av reiselivet i samarbeid med dei som satsar på denne bransjen.
- Fremme arbeidet med «Pilgrimsleida», og markedsføre peridotten som vår kommunestein.

Landbruk

KrF går inn for:

- Vern av dyrka og dyrkbar jord.
- Å legge forholda til rette for eit rasjonelt og attraktivt jordbruk, ved å sikre god kommunal kompetanse.
- Å arbeide aktivt for å styrke økonomien i det tradisjonelle jordbruket .
- Å legge til rette for at gardsbruk kan vere grunnlag for næringsutvikling i vid forstand.

Fiskeri

Vanylven KrF vil medverke til:

- Ei aktiv og positiv haldning til dei utfordringar som fiskerinæringa til ei kvar tid står overfor.
- Å legge til rette for havbruksnæring med oppdrett og vidareforedling av fisk, fiskeavfall, skjell og liknande.

Miljø

Miljøvern er å ta vare på livet og forvalte ressursane. Gjennom ei berekraftig utvikling vil vi sikre framtida for våre barn og etterkomarar. Kommuneplanen viser at Vanylven skal vere ein miljøkommune i vid forstand , og er ein viktig og langsiktig styringsreiskap i denne samanhengen.

KrF vil arbeide for:

- Å auke folket sin kunnskap og haldning til kommunens naturkvalitetar.
- Å støtte arbeidet til Clean Coast A/S
- Å stimulere tiltak i lokalmiljøet for å betre kontakten mellom innbyggjarane.
- KrF er positive til interkommunale samarbeid.

Eigedomsskatt

Vanylven KrF ønsker ikkje eigedomsskatt.

I valet mellom dårlegare tenester til innbyggjarane og eigedomsskatt kan det bli aktuelt å innføre denne.



Vanylven KrF vil arbeide for

Meir tid til det viktigaste - enten det er barna i familien, den enkelte elev, eller omsorg for dei eldre og dei som treng det mest

Eit bærekraftig samfunn der vi ikkje lever over evne, og tek klimautfordringane på alvor

Eit seniorvennleg samfunn, der eldre kan vere trygge på at samfunnet stiller opp og dei får sjukeheimplass når dei treng det



Vanylven KrF